



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for november 2009.

Årgang 45

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Oddvar Haugen
Visepres: Vigdis Riise
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Johan Ole Brandal
Styremedlem: Magnar Hatløy
Styremedlem: Anders Riise
Ansv.red.: Håvard Myrene
Referent: Wenche Jøssok

Fødselsdagar i november

Oskar Grimstad	8. nov
Arne Lillebø	24. nov
Egil Utgård	26. nov
Gunnar Riise	28. nov
Arve R. Røyset	29. nov

Frammøteprosent i november: 65,7 %

Haust.

*Kvar vart det taa alle dei Fuglar,
som song
i Sumar so vønt millom Greino?*

*Sidan eg høyrde deim
ender og Gong;
og so vart det Stilla i eino.
Han tagnar, Fuglen, mot Hausten.*

*Kvar vart det taa alle dei Blomar,
som stod
og nikka i Ljos og i Ange?*

*Eg ser yver Bøen,
men er inkje god
faa Auga paa ein av dei mange.
Han visnar, Blomen, mot Hausten*

Per Sivle

Mandag 2. november 2009.

Presidenten ynskete velkomen, og etter den tradisjonelle songen var det klart for årsmøtesaker.

Johan Ole las årsmeldinga for året 2008-2009 som var eit godt samandrag av aktivitetane i klubben. Det hadde vore eit innhaldsrikt og hektisk år.

Frå årsmeldinga kan nemnast:

Styret si samansetting:

President	Johan Ole Brandal
Visepresident	Oddvar Haugen
Sekretær	Trygve Riise
Past president	Åge Nytun
Styremedlemmer	Vigdis Riise, Magnar Hatløy
Kasserar	Johs. J. Hareide
Revisor	Egil Utgård

Hareid Rotary klubb sitt Sri Lanka prosjekt vart avslutta 19. mai dette året.

Totale midlar som vart sende til Sri Lanka var tilsaman \$ 16644 omrekna til Nkr. 85.649,-. Dette gjekk til innkjøp av 16 berbare datamaskinar, pluss 16 bord og stolar samt AC i rommet der undervisninga skulle vere.

Årsmeldinga oppsummerer høgdepunkta i rotaryåret slik:

Ungdomsutveksling.

18. august fekk Hareid Rotaryklubbe besøk av 12 ungdommar frå like mange land. Dei kom frå Tjekkia, Spania, Tyrkia, Egypt, Polen, Croatia, Nederland, Kviterussland, Ungarn, Tyskland og Belgia.

Opning av Rotarystien/ .Utdeling av Paul Harris til Johs. J. Hareide.

Søndag 21. august vart Rotarystien opna med vandring på stien. Frå Hjørungavågvegen og fram til Grimstadvatnet. Der var innsamling til Polio Pluss, og Johs. J. Hareide, arkitekt og primus motor, vart heidra med PHF for innsatsen sin i dette prosjektet.

Det var godt frammøte og guvernør Oddbjørn Øien var med og kasta glans over opninga, både verbalt og musikalsk.

GSE.

Søndag 14. september kom 5 GSE-medlemmer frå Pittsburg i Pennsylvania USA på besøk. I samband med dette var det omvisning i kommuna, middag på Ulstein Hotell i lag med med representatar frå Ulstein og Herøy Rotaryklubbar.

Distriktskonferanse i Sula og Ålesund.

Denne gjekk av stabelen 19. september. Deltakarar frå Hareid var Johan Ole Brandal, John Stennes, Sverre Bjåstad og Trygve Riise, alle med fylgje.

Eit vellukka arrangement, der Hareid RK bl.a. fekk utmerkinga for beste klubb i distriktet for 2007-2008.

Guvernørbesøk med Røyrafest.

Den tradisjonell røyrafesten gjekk dette året av stabelen 17. november. I år også var vi heldige å få kombinere dette med guvernørbesøk, og guvernør Oddbjørn Øyen sette standarden med trompeten.

Juleavslutning.

Som god tradisjon avsluttar vi før jul med lutefisk, mør og det som høyrer til. Klubben hadde eksotisk besøk på denne tilstellinga, Dick og Carina Cuttle frå Australia. Dick Cuttle var påtroppande guvernør for sitt distrikt i Australia.

Utvekslingsstudent.

Den 24. januar fekk vi igjen besøk frå Australia. Utvekslingsstudenten vår Patrick Jenskinson kom, og skal vere her i eitt år.

Aktiviteten elles har vore:

15 foredrag, 1 egoforedrag, 6 bedriftsbesøk, 3 dugnader på rotarystien, 1 intercitymøte, 3 festar, årsmøte og opptak av tre nye medlemmer.

Mandag 9. november 2009.

Informasjon om Tussa Bølgekraft sto på programmet denne kvelden, men før kveldens foredragshaldar, Svein Vassbotn, slapp til var det velkomsthelsing frå presidenten, og allsong.


Tussa Bølgekraft er eit prosjekt som skal utforske mulegheiter med å skape kraft på ny måte, og med miljøvennlege løysingar.

Eigarar bak dette prosjektet er kommunane Ørsta, Herøy, Volda, Hareid, Vanylven, Ulstein og Sande. I tillegg er Tussa Kraft AS og Horningdal kraftlag med.

Utplassering av prosjektet er ved Runde i Herøy kommune.


Global fordeling av bølgekraft er fordelt slik:

Global fordeling av bølgekraft [kW/m]



og Runde er plassert på Europakartet:

Energisk bølgeklima



Fakta ark Maren bølgekraftverk

- Maren står for MAR (in) EN(ergy).
- På overflata:
 - 1 stk diskosbøye med diameter 4,0 m
 - 1 stk. torusbøye (6 kant forma) med diameter 6,0m
- På havbotnen:
 - 2 stk WEC med yting 20 kW, dvs 40 kW totalt
 - 1 stk omformarstasjon med yting 100 kVA, 0,4 / 22 kV transformator
 - 22 kV sjøkabel (inkl. fiberkabel for dataoverføring) frå Måganeset til Remøya med lengd om lag 2,9 km.
- Nettilknytting:
 - Tilkopla 22 kV linjenettet med fjernstyrt effektbrytar
- Pilotprosjekt
 - Bølgekraftverket er eit forskingsprosjekt på fornybar energi og vil gi verdifull kunnskap om energiproduksjon frå bølger
 - Prosjektet vil finne styrker og svakheiter på heilt nytt utstyr som aldri før har vore i bruk i så tøffe klimatiske forhold som på Runde
 - Det er første gongen eit bølgekraftverk blir kopla til eit lokalt høgspennett i Noreg
 - Enova støttar prosjektet
- Konesjon
 - Tussa fekk konsesjon frå NVE i desember 2008
 - Konesjonen gjeld for to generatorar på 40 kW og ein tilhøyrande sentral tilkopla 22 kV nettet
 - Anlegget er plassert vest for Måganeset på Runde
 - Tussa har fått løyve til å drive testanlegget i fem år
- Samarbeid
 - Prosjektet er eit samarbeid mellom Vattenfall og Tussa
 - Seabased er leverandøren av utstyret og teknologien i bølgekraftverket
 - Runde Miljøsender har vore sentral ved tilrettelegginga og er leigt inn til å gjennomføre eit program for miljøovervaking

Takk til Svein Vassbotn for eit spanande foredrag.

Mandag 16. november 2009.

Som vanleg velkommen med presidenten og allsong før Patrick, utvekslingsstudenten, skulle halde foredrag om Europaturen han var på tidlegare i sommar, i lag med andre utvekslingsstudentar.

Han heldt foredraget sitt på godt norsk, og han fortalde levande om opplevingane han hadde hatt på denne turen i Europa. Han viste bilde som han hadde teke i ein PowerPoint presentasjon, og det var tydeleg at det var høg stemning blant turdeltakarane. Det kunne periodevis vere travelt og det er forståeleg, når turen går med buss omtrent tvers over Europa.

Han ga i alle fall uttrykk for at det hadde vore ei oppleving som han vil huske resten av livet.

Mandag 23. november 2009.

Røyrafest.

Men før røyrafesten var det samling med styre og guvernør for gjennomgang av klubben sine mål og planar. Guvernøren gav uttrykk for at klubben arbeider godt, men kom likevel med nokre anbefalingar for vidare drift framover.

Røyrafesten var som vanleg på Holesandhytta. Fest/ kameratskapskomiteen hadde pynta fint og stelt i stand ei koseleg atmosfære. Presidenten ynskte velkomen og gav så ordet til Guvernør Asbjørn Nordberg som heldt eit engasjert foredrag. Bigset Blandakor var tilstades heile kvelden og underheldt med god korsong.

Maten er i ei særklasse for seg seg. Røyr frå Snipsøyrvatnet vert tillaga av dyktige medlemmer i fest/ kameratskapskomiteen og dei fekk stor heider for arbeidet med dette.

Som det brukar å vere, ein triveleg kveld i lag med rotarykameratar og fylgje. Sjå også på <http://www.hareid.rotary.no>

Mandag 30. november 2009.

Programfritt som vanleg siste møte i månaden. Då er det kaffi og kaker og en god prat som er programposten.